

Kyrkjelyden sin misjonsavtale



DEN NORSKE KYRKJA

Kva er ein misjonsavtale?

- Ein avtale mellom kyrkjelyden og ein av dei sju organisasjonane i Samarbeid menighet og misjon (SMM). Les meir om SMM på baksida.
- Kyrkjelyden forpliktar seg til å be for, dele informasjon om, og samle inn pengar til eit konkret arbeid i ein annan del av verda.
- Avtalen er gjerne tidsavgrensa til for eksempel fire år.

Kvifor misjonsavtale?

- Kyrkjelydens tilhøyrse til kyrkja som eit globalt fellesskap vert synleggjort.
- Avtalen bidreg til å realisere kyrkja sitt kall til å fortelje om Jesus, fremje likeverd og byggje fellesskap på tvers av geografiske, kulturelle og økonomiske skiljelinjer.
- Kunnskap om tru, liv og arbeid i andre delar av verda kan gi verdifulle impulsar til tru, liv og arbeid i eige lokalsamfunn.
- Misjonsavtalen er eit uttrykk for fellesskap og utsending.





Korleis synleggjere kyrkjelyden sin misjonsavtale?

- Be for arbeidet som vert støtta gjennom avtalen. Dette kan gjerne vere ein fast del av forbøna i dei fleste gudstenester.
- Støtt arbeidet økonomisk. I samband med offer og andre innsamlingar er det viktig å informere om kva pengane går til. Eit par minutt god informasjon om offerføremålet kan doble offerinntektene.
- Gi informasjon om kyrkjelyden sin misjonsavtale. Avtalen kan gjerne presenterast på nettstader, i kyrkjelydsblad og gjennom oppslag i kyrkja.
- Involver heile kyrkjelyden og alle aldersgrupper i arbeidet med misjonsavtalen.
- Misjonsavtalen er ein fin moglegheit til å lære om kyrkja som eit globalt og likeverdig fellesskap.
- Leit etter element og perspektiv i arbeidet i avtalen som kan berike kyrkjelydens eige arbeid, og som kyrkjelyden kan lære av.

Kva er Samarbeid menighet og misjon (SMM)?

- SMM er eit formelt og praktisk samarbeid mellom Den norske kyrkja og sju norske misjonsorganisasjonar.
- SMM vil bidra til å styrkje og fornye engasjementet for misjon i kyrkjelydane i Den norske kyrkja.
- SMM-organisasjonane har fagkompetanse og langvarige relasjonar med systerkyrkjer og samarbeidsorganisasjonar i over 40 land.
- Omlag 80 prosent av kyrkjelydane i Den norske kyrkja har ein eller fleire misjonsavtaler.

Dei sju medlemsorganisasjonane i SMM er:

- NMS – Det Norske Misjonsselskap
- Normisjon
- Stefanusalliansen
- Misjonsalliansen
- Himalpartner
- Den Norske Israelsmisjon
- Areopagos

Kva organisasjon passar for din kyrkjelyd?

Vil du vite meir?

Du finn fleire idear og kontaktinformasjon i Ressursbanken.



DEN NORSKE KYRKJA



ressursbanken.no/misjonsavtale